



Ole Kristoffer Vågen på Skorpo har kjøpt tømmer sag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ole Kristoffer Vågen på Skorpo har fått tak i ei tømmer sag (bandsag) som han ønskjer å montera.**

Difor har han søkt kommunen om å få kjøpa delar av eller heile området frå verkstaden sin og til moloen, Han forsikrar at sjølv om han får kjøpe vil ikkje området verta stengt for fraktebåtar, transport og litt lagring, Saghuset vil bli plassert slik at det er minst mogeleg i vegen for lagring og transport. Vågen håpar på ei snarleg løysing.